



Kjell Rudi Marøy
Hølbekken 250
5262 ARNATVEIT

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2570 - 18/28603

Saksbehandlar:
Kjartan Nyhammer
kjartan.nyhammer@lindas.kommune.no

Dato:
18.09.2018

Svar på søknad om konsesjon for kjøp av gbnr 91/1 Brundtland i Lindås kommune

Administrativt vedtak. Saknr: 499/18

Vedtak

Kjell Rudi Marøy og Elin Helland får konsesjon for kjøp av gbnr 91/1 Brundtland i Lindås kommune. Kjøpesummen er kr 4.400.000,-. Vedtaket har heimel i §§1 og 9 i konsesjonslova.

Saksutgreiing

Dokument i saka :

- 2 stk Søknad om konsesjon, signert 21.08.2018
- Kopi av kjøpekontrakt
- Kopi av skøyte

Saka gjeld :

Kjell Rudi Marøy og Elin Helland søker konsesjon for kjøp av landbrukseigedomen gbnr 91/1 Brundtland. Formålet med kjøpet er busetting og ei gardsdrift som sikrar at driveplikta vert oppfylt dvs at all innmark vert hausta og beita.



Landbrukseigedomen gbnr 91/1 Brundtland :

Det vert opplyst i søknaden at det er våningshus, driftsbygning og garasje på eigedomen. Våningshus (1972) og garasje(2002) er av god kvalitet medan driftsbygningen (1962) er av dårleg kvalitet. Ifølgje Nibio sitt gardskart er eigedomen totalt 238 dekar. Av dette er 7,4 dekar fulldyrka jord og 26,3 dekar innmarksbeite. Det er 165 dekar produktiv skog og 34,3 dekar anna utmark. Det er 5,2 dekar tun/veg/bygg.

Lovverk :

Då eigedomen er over 100 dekar krev det konsesjon for kjøp av denne. Det er mindre enn 35 dekar full- og overflatedyrka jord og såleis er eigedomen ikkje underlagt priskontroll jfr § 9a i konsesjonslova. Då kjøparane har planar om å landbruksdrift skal saka handsamast etter §1 og 9 i konsesjonslova.

Vurdering :

Ved avgjersle av søknad om konsesjon for kjøp av eigedom som skal nyttast til landbruksformål skal det leggjast særleg vekt på:

- om kjøpar sitt formål vil ivareta omsynet til busetting i området
- om kjøpet innebær ei driftsmessig god løysing
- om kjøpar er skikka til å driva eigedomen
- om kjøpet ivaretek omsynet til heilheitleg ressursforvaltning og kulturlandskap.

Søkjar har opplyst pr telefon at dei ynskjer snarast å busette seg på eigedomen. Såleis vert omsynet til busetting ivareteke.

Det er driveplikt på all innmark jfr § 8 i jordlova og søkerane har planar om opprusting av all innmarka og sjølv ha sauer og evt hest på garden. Det syner seg ofte at det er størst eigeninteresse i å bruke tid og pengar på vedlikehald av innmarka når ein eig den sjølv. Såleis er dette ei driftsmessig god løysing.

Det er vanskeleg for saksbehandlar å ta stilling til dette utifrå opplysningane i søknaden. Men det framgår at søkerane har erfaring med og interesse for dyrehold. Ein vil anbefale søkerane å melde seg inn i aktuelle faglag for å få nettverk og fagleg påfyll innan sauehald spesielt og gardsdrift generelt.

Ved at innmarka vert stelt og hausta og skog vert hoggd vil kjøparane ivareta omsynet til heilheitleg ressursforvaltning og ivaretaking/forbetre av kulturlandskapet.

Konklusjon :

Sambuarparet Kjell Rudi Marøy og Elin Helland får konsesjon for kjøp av landbrukseigedomen gbnr 91/1 Brundtland.

Klage :

Vedtaket kan påklagast jfr § 28 i Forvaltningslova. Klage må vere framsett innan 3 veker frå vedtaket vart motteke av søkjar jfr § 29 i Forvaltningslova.

Sakshandsamingsgebyr : Det vert sendt faktura til søkjarane på kr 2000,-

Med helsing

Kjartan Nyhammer
landbrukssjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Elin Helland	Hølbekken 250	5262	ARNATVEIT
Kjell Rudi Marøy	Hølbekken 250	5262	ARNATVEIT
Stian Nilsen			
WebOppgjør AS	Pb. 2454, Drotningstrik	5003	BERGEN